

**REGELMENT FOR UTLEIGE AV MØTEROM OG LOKALE.
VEDTEKE 16.12.2015. KST - 087/15**

1. Rom i kommunale bygg kan leigast ut til alle lovlege føremål. (For utleige av Spinneriet og Hjelmelandshallen er det utarbeidd eige reglement)
2. Det kan avtalast leige for varierande tidsrom. Faste avtalar om leige kan gjerast for inntil 1 år om gongen i perioden 20. august til 20. juni. Leige kan ikkje avtalast lengre fram i tid enn gjeldande periode.
3. Det er ikkje høve til framleige, dvs vidare leige til andre leidgetakrar eller arrangement enn det som er tinga.
4. Faste avtalar om leige, må vika for ekstraordinære arrangement.
5. Leigar skal gje opp ein person, over 18 år, som ansvarleg for leiga. Denne personen er ansvarleg for orden, rydding og opplåsing/stenging.
6. Kundesenteret har fullmakt til å gjere avtale om utleige, føre register over utleige og levere ut nøklar til leidgetakar v/ansvarleg person over 18 år. Nøklane skal leverast attende til Kundesenteret første kvardag etter bruk. Skular og barnehagar, (v/sekSJonsleiar) har ansvar for utleige av eigne lokale.
7. Ved spørsmål kring servering av alkohol, vert det vist til alkohollova samt gjeldande alkoholpolitisk plan. Kundesenteret har orienteringsskriv.
8. Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret. Leidgetakar kan måtta erstatta skaden.
9. Leidgetakar pliktar å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar og politivedtekter
[\(<https://www.hjelmeland.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=846&FilId=1140>\).](https://www.hjelmeland.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=846&FilId=1140)
10. Leidgetakar har ansvar for å forsikra eigne gjenstandar.

| LEIGEPRISAR pr rom /dag (døgn) | | | | |
|---------------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|--|---------------------------------|
| Rom | | Frivillige lag/org. | Ikkje-kommersielle/ private arrangement | Kommersielle føretak |
| Gym.salar Kommunestyresal | | kr 0 | kr 1 500 | kr 2 500 |
| Møterom, klasserom og likn. | | kr 0 | kr 800 | kr 1 500 |
| Kantiner / bruk av kjøkken | | kr 0 | kr 1 000 | kr 1 500 |
| Vaktmeisterteneste | kan tingast for kr 350,- /time | | | |

DEFINISJONAR – LEIGETAKRAR

- 1) Alle lokale ideelle lag/organisasjonar (innanfor Hjelmeland kommune) - 0% leige:

| Eks: | |
|---|--|
| Alle lag for barn og unge opp til 18 år | Interkommunale selskap |
| Idrettslag | Eldrelag |
| Skyttarlag | Musikklag /songlag |
| Misjonslag | Bygdekinnelag |
| Ungdomslag | Lokale politiske lag /lag av same karakter |
| Helselag | Fagorganisasjonar knytte til kommunen si drift |
| Kunstlag | Rettssaker, forliksråd m.v. |

2) Ikkje-kommersielle aktørar:

| | |
|---|---|
| Nærings- og interesseorganisasjonar for eigenyttige formål, t.d. bondelag, bransjeforeiningar, fagorganisasjonar m.v. | Lag/organisasjonar som ikkje kjem inn under pkt 1 |
| Fylkes- og nasjonale frivillige organisasjonar | |
| Private arrangement | |

3) Kommersielle aktørar:

| | |
|------------------------------------|-----------------------------|
| Næringsdrivande / firmaarrangement | Messer / Salsutstillingar * |
| | |
| | |

*) Leige utgjer 10% av omsetjinga (minimum utleigeprisar som ovanfor)

Det kan verta kravd etterbetaling ved manglande rydding og klargjering. Leigekontrakt skal fyllast ut.

Som hovudregel gjeld at leiga ein betaler for rom alltid inkluderer reingjering. Det er likevel ein føresetnad at leigetakar ryddar, fjernar boss og klargjer etter seg i tråd med ordensreglane.

For enkelte bygg er reingjering ikkje inkludert, og leigetakar må sjølv syte for vask av golv og toalett. Dette gir ein prisreduksjon på kr 350,-

ORDENSREGLAR OG BRANNINSTRUKS FOR KOMMUNALE BYGG

ORDENSREGLAR

- Leigetakar må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokal.
- Ein skal sjå til at møblar, inventar og utstyr står i same orden som då lokal vart tekne i bruk.
- Bordplater m.v. skal reingjerast etter bruk.
- Brukt kjøkkenutstyr skal reingjerast. Vask av koppar, tallerkar m.v. skjer i oppvaskmaskin. Det er ikkje tilleite å ta med seg utstyr frå bygget.
- Avfall og søppel skal sorterast og leggjast i bossdunk utanfor bygget.
- Miljøet i kommunale bygg skal vera røykfritt.
- Attgløymde gjenstandar, som ikkje vart henta innan ein månad, kan bli kasta.
- Romma får ikkje nyttast som lager.
- Skadar eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret.

BRANNINSTRUKS

- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkelen til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Ansvarleg person har ansvar for å setje seg inn i gjeldande branninstruks, før arrangementet tek til. (Oppslag i bygget.)
- Brann vert varsla ved støytvis ringing/brannalarm.
- Ring 110 for å melda frå til brannvesen
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har 1. prioritet.
- Lukk vindu og dører og forlat bygget umiddelbart.
- Møt opp på gardsplassen framfor bygget, og meld deg for brannvernsleiar eller den som har ansvar for oppteljing.

Kulturseksjonen

Eldfinn Austigard
kulturleiar
40439153

| Dok.dato | Tittel | Dok. ID |
|----------|--------|---------|
| | | () |